Styret har det formelle arbeidsgivaransvaret for dei tilsette i selskapet. Styret har ansvaret for at arbeidstakarane sine rettar etter arbeidsmiljølova blir ivaretekne. Styret kan vedta arbeidsreglement for selskapet. Dagleg leiar representerer selskapet i lokale lønnsforhandlingar med arbeidstakarane.

## § 20 Administrativt arkiv og offentlegheit

Føresegnene i forskrift om offentlege arkiv gjeld for selskapet sitt administrative arkiv. Selskapet sine saksdokument er offentleg tilgjengelege etter føresegnene i offentlegheitslova. I tilsetjingssaker gjeld *Forvaltningslova* og reglane i *forskrift om partsoffentlegheit* i saker om tilsetjing i offentleg forvaltning.

## § 21 Endring av selskapsavtalen

Selskapsavtalen skal godkjennast av samlege deltakarar med vedtak i kommunestyret.

Endringar av selskapsavtalen som gjeld dei punkta som *i lov om interkommunale selskap § 4 tredje ledd* blir sett som minimumsinnhald i selskapsavtalen, skal godkjennast av samlege medlemmer med vedtak i kommunestyret. Andre endringar i selskapsavtalen kan gjerast av representantskapet.

Framlegg til endringar i selskapsavtalen kan fremjast av deltakarar, representantskapet eller styret. Styret skal ha høve til å uttale seg om slike endringsframlegg før dei blir behandla.

## § 22 Oppseiing og oppløysing

Ein deltakar kan seie opp sitt deltakarforhold i selskapet med minimum 1 års varsel. Oppseiing må kome inn til styret innan 1. januar.

Framlegg til oppløysing av samarbeidet skal godkjennast av samlege deltakarkommunar med vedtak i kommunestyra og av departementet. Avviklinga av selskapet skal skje i samsvar med *lov om interkommunale selskap § 32 – 38*.

Fordeling av aktiva og passiva i samband med oppløysing eller oppseiing av deltakarforhold skal skje i samsvar med *lov om interkommunale selskap § 30*.

## § 23 Andre reglar

For område som ikkje er regulert gjennom selskapsavtalen gjeld *lov om interkommunale selskap* og forskrifter gitt i medhald av denne lova.

*Vedteke på representantskapsmøte 22.5.2002 med endringar vedteke på representantskapsmøte 29.4.2004, 27.4.2006. og 10.5.08, 29.4.2010. 26.04.12,27.4.16*

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	TI - &00, FE - 080	15/5

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017
005/2017	Kommunestyret	PS	20.02.2017

### Reglement for godtgjering til folkevalde

32T

**Journalposttittel**

Reglement for godtgjering til folkevalde

**Dato**

02.02.2017

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Reglement for godtgjering til folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.**

**Saksopplysningar:****Bakgrunn**

Reglement for godtgjering til folkevalde vart sist revidert i kommunestyret 25.10.2011. Då var det berre summene for godtgjering som vart revidert. Det er no tid for ein ny revisjon blant anna fordi ein ikkje har alle utvala som er lista i reglementet lenger og nye utval har kome til. Dette gjer at ein denne gongen ser på heile reglementet og ikkje berre endrar summene for godtgjering.

Rådmannen har og henta inn gjeldande reglement frå ein del av nabokommunane og har samanlikna både form og innhald i deira reglement med Masfjorden kommune sitt.

**Fakta**

I kommunelova står det:

*§ 41.1 Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.*

*§ 41.2 Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr dag, fastsett av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimert og ulegitimert tap.*

*§ 42 Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for*

sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

## Vurdering

### Godtgjering til ordfører

Godtgjering til ordfører i Masfjorden kommune har dei to siste periodane vore fastsett til 90 % av stortingsrepresentantar si løn. Dette er etter rådmannen si meining ei ordning som bør halde fram.

Under viser ei samanstilling over godtgjering til ein del av ordførarane i regionen:

	% av løna til stortingsrepresentantar	anna lønsfastsetting
Fedje	94,4 %	
Gulen	85 %	
Meland	100 %	
Austrheim		lik løna til rådmann

### Godtgjering til varaordfører

Godtgjering til varaordfører har dei to siste periodane vore 4 % av ordfører si godtgjering. Dette inkluderer all godtgjering for formannskapet, kraftfondet, valstyret og administrasjonsutvalet. Masfjorden kommune ligg lågt samanlikna med nokon av kommunane i regionen når det gjeld godtgjering til varaordfører og rådmannen rår til at denne godtgjeringa vert auka til 6 % av ordfører si godtgjering.

Under viser ei samanstilling over godtgjering til ein del av varaordførarane i regionen:

	% av ordførargodtgjering
Fedje	6 %
Gulen	10 %
Meland	20 %
Austrheim	9 %

### Godtgjering til medlemmer i formannskapet

Godtgjering til medlemmer i formannskapet har dei siste to periodane vore på 3 % av ordfører si løn. Dette inkluderer all godtgjering for formannskapet, kraftfondet, valstyret og administrasjonsutvalet. 3 % av ordførargodtgjering utgjør i dag kr 24 487 i året. Masfjorden kommune ligg lågt samanlikna med nokon av kommunane i regionen når det gjeld godtgjering til medlemmer i formannskapet og rådmannen rår til at denne godtgjeringa vert auka til 4 % av ordfører si godtgjering.

Under viser ei samanstilling over godtgjering til ein del av medlemmene i formanskapa i regionen:

	% av ordførargodtgjering	anna godtgjeringsfastsetting
--	--------------------------	------------------------------

Fedje		20 000 årleg + møtegodtgjering
Gulen	5 %	
Radøy		20 000 årleg + møtegodtgjering
Meland		29 000 årleg
Austrheim	5 %	

#### Utval om har rett på møtegodtgjering etter høg sats

Møtegodtgjering etter høg sats har dei siste åra vore kr 500,- pr møte. Dette gjeld alle kommunestyrerepresentantane (minus ordførar), varamedlemmer som møter i formannskapet (og i dei utvala som er personidentiske med formannskapet), kontrollutvalet, og medlemmer i utval som brukarutvalet, utval for vilt og fisk og forhandlingsutvalet. Brukarutvalet er lagt ned, forhandlingsutvalet består no berre av medlemmer frå rådmannen sin stab og utval for vilt og fisk har bytta namn til Teknisk Utval.

Møtegodtgjering for medlemmene i Teknisk Utval vert foreslått flytta frå høg sats til låg sats. Dette er grunna i at dei – sidan dei vart oppretta – har hatt få møter, og no når dei ikkje har ansvar for plansaker, er ikkje saksmengda i kvart møte stor.

Møtegodtgjering for representantar frå arbeidstakarorganisasjonane vert foreslått flytta frå høg sats til låg sats. Dette er grunna i at det er få møter og saksmengda er moderat i forhold til saksmengda til dei utvala som bør ha møtegodtgjering etter høg sats.

Rådmannen rår til at lista over utval som har krav på møtegodtgjering etter høg sats er:

- kommunestyret
- formannskapet, kraftfondstyret, valstyret (gjeld varamedlemmer)
- kontrollutvalet.

#### Utval som har rett på møtegodtgjering etter låg sats

Møtegodtgjering etter låg sats har dei siste åra vore kr 400,- pr møte. Dette gjeld eldrerådet, forliksrådet, valnemnda og evt andre utval. Forliksrådet er ikkje kommunalt lenger. Utval for menneske med nedsett funksjonsevne er eit nytt utval sidan ein reviderte reglementet sist.

Eit utval som ikkje har vore nemnd i gjeldane reglement er arbeidsmiljøutvalet. Rådmannen rår til at det vert tatt med som eit av utvala som får møtegodtgjering etter låg sum.

Eit anna utval som ikkje har vore nemnd i gjeldande reglement er røystestyrene (ved kommune- og stortingsval). Det har vore opp til valansvarleg dei siste åra å fastsette møtegodtgjering deira, og dei to siste åra (kommuneval og folkerøystinga) har det vore utbetalt høg sats. Røystestyrene vert i dette framlegget lagt til i lista over dei utvala som får møtegodtgjering etter låg sats.

Rådmannen rår til at lista over utval som har krav på møtegodtgjering etter låg sats er:

- administrasjonsutvalet (gjeld representantar frå arbeidstakarorganisasjonane)
- arbeidsmiljøutvalet (gjeld representantar frå arbeidstakarorganisasjonane)
- Teknisk Utval
- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

I tillegg vil utval som røystestyrene, valnemnda og medlemmer oppnemnd av kommunestyret i samarbeidsutval for skular og barnehagar har rett på møtegodtgjering etter låg sats.

Under viser ei samanstilling av møtegodtgjeringa for nokre av kommunane i regionen som har to nivå på møtegodtgjeringa:

	Høg sats	Låg sats
Fedje	Kommunestyret, formannskapet, kontrollutvalet, PSU	Eldrerådet, ungdomsrådet, AMU, arbeidsgrupper nedsett av kommunestyret
Gulen	Kommunestyret, kontrollutvalet, hovudutvala	Eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, verv i andre styre, råd og utval
Meland	Kommunestyret, formannskapet, utval for levekår, utval for drift og utvikling, administrasjonsutval	Eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, takstutval, sakkunnig takstnemnd, overtaksnemnd
Austrheim	Kommunestyret, formannskapet, administrasjonsutval	Kontrollutval, forliksrådet, overformynderiet, næringsnemnda og mellombels komitear

#### Godtgjering for bruk av personleg elektronisk utstyr

I gjeldande reglement står det at godtgjering for breiband må vurderast ved innføring av elektroniske sakspapir. Dette er ikkje gjort, og er heller ikkje aktuelt å vurdere i denne omgang. Etter kommunevalet i 2011 fekk alle representantane som var valt inn i kommunestyret og underliggende utval, utdelt nettbrett. Ein slutta samstundes med å sende ut innkalling på papir. Nettbretta var ikkje særleg tenlege, og rådmannen ser at nesten alle representantane no nyttar privat elektronisk utstyr i møtesamanheng. Dette fungerer bra og rådmannen ønskjer å forsette med denne ordninga. Då er det naturleg at møtegodtgjeringa vert auka monaleg både for høg og låg sats for å kompensere for at alle folkevalde nyttar eige elektronisk utstyr for å kunne gjere tenesta dei er valt eller oppnemnd til å gjere.

Under ei samanstilling av nivået på godtgjering for bruk av eige datautstyr for ein del av kommunane i regionen:

	kommunestyret	Faste medlemmer i kommunal utval
Fedje	1000	1000
Gulen	1000	1000
Radøy	1000	1000

#### Telefongodtgjering

I gjeldande reglement står det at leiar i utval og formannschaftsmedlemmer skal ha kr 1 000 i telefongodtgjering kvart år, mens kommunestyremedlemmene skal ha ei årleg telefongodtgjering på kr 250,-.

Dette punktet heng at frå ei gamalt regulativ frå den tida alle nytta fasttelefon og det vart rekna som dyrt å ringe. No har svært mange jobbtelefon som ein og nyttar privat, og prisen for å ringe er låg.

Det er berre ein av kommunane i regionen som utbetaler telefongodtgjering og summane er det doble av våre. Rådmannen rår til at punktet om telefongodtgjering går ut, men summane vert innarbeid i møtegodtgjeringa.

#### Møtegodtgjering

Ny sats for møtegodtgjering både etter høg og låg sats må – basert på vurderinga over - justere for prisstigning, kompensere for bruk av personleg elektronisk utstyr og for at ein tar bort telefongodtgjering for kommunestyremedlemmene. Rådmannen rår til at møtegodtgjering etter høg sats vert kr 700,- pr møte mens møtegodtgjering etter låg sats vert kr 500,- pr møte.

Under er ei samanstilling av nivået på møtegodtgjering for ein del av kommunane i regionen:

	Høg sats	Låg sats
Fedje	500 + årleg fast godtgjering	300
Gulen	1 % av ordførar si godtgjering årleg 300 (gjeld vararepresentantar)	200
Radøy	600	600
Meland	750	750
Austrheim	500	400

#### Godtgjering til leiarar i utval oppnemnd av kommunestyret

Godtgjering til leiarar i utval oppnemnd av kommunestyret har dei siste periodane vore utbetalt som ei fast årleg godtgjering på kr 7 500 for desse utvala:

- Kontrollutvalet
- Teknisk Utval

og som dobbel møtegodtgjering for desse utvala:

- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Arbeidsmiljøutvalet (når det er ein av representantane for arbeidstakarorganisasjonane som er valt som leiar)

Av desse utvala er det leiaren i kontrollutvalet som har den mest krevjande saksmengda. Rådmannen rår difor til at godtgjersle for leiar av kontrollutvalet vert høgre enn for leiarane i dei andre utvala. Rådmannen er usikker på om det er ein fast årleg sum er den beste godtgjeringa for leiar av utvala lista over. Slik reglementet er i dag, får det ikkje konsekvensar for den årlege godtgjersla for leiar ved fråvær. Det er heller ikkje innført reglar for godtgjering av vara for leiar. For nokre av utvala lista over, har det vore svært få møte i ein del av dei siste åra. Godtgjering pr møte har difor blitt høg. Ei vidareføring av fast årleg møtegodtgjersle vil krevje eit regelverk for fråvær og godtgjering til vara som må følgjast opp av administrasjonen.

Rådmannen meier at eit regelverk som gjev møtande leiar dobbelt møtegodtgjering vil vere ei betre

ordning for kommunen enn ei fast årleg møtegodtgjersle.

Av utvala list over er kontrollutvalet eit av dei utvala rådmannen rår til at medlemmene har rett på møtegodtgjering etter høg sats, mens medlemmene i dei andre utvala vil ha rett på møtegodtgjering etter låg sats. Dette åleine gjer at leiar i kontrollutvalet vil ha ei høgare møtegodtgjering enn leiarar i andre utval oppnemnd av kommunestyret.

Under viser ei samanstilling over årleg godtgjering til leiarar i utval oppnemnd av kommunestyret for ein del av kommunane i regionen:

	Kontrollutval	Tekniske utval	Andre råd og utval
Fedje	8 000	8000	1 500
Gulen	2 % av ordførargodtgjering	5 % av ordførargodtgjering	
Radøy	15 000 + møtegodtgjering	25 000 + møtegodtgjering	1 200
Meland	12 400	29 000	Ca 1 ½ møtegodtgjering
Austrheim	3 % av ordførargodtgjering		

#### Tapt arbeidsforteneste

Satsane for tapt arbeidsforteneste har dei siste åra vore kr 900,- for ulegitimert tapt arbeidsforteneste og kr 2 500,- for legitimert tapt arbeidsforteneste. Rådmannen ser at me ligg lågt samanlikna med andre kommunar i regionen når det gjeld sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste og rår til at denne vert auka til kr 1 000,-. Satsen for legitimert tapt arbeidsforteneste vert halden uendra.

Under ei samanstilling av nivået på tapt arbeidsforteneste for ein del av kommunane i regionen:

	Legitimert tapt arbeidsforteneste	Ulegitimert tapt arbeidsforteneste
Fedje	3 000	1 500
Gulen	2 400	1 000
Radøy	3 000 for arbeidstakar 3 600 for sjølvstendig næringsdrivande	1 000
Meland	0,4 % av ordførar si løn	360 pr møte
Austrheim	2 200	1 000

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at reglement for godtgjering av folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.



## **Formannskapet - 009/2017**

### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommenestyret.

### **FS - vedtak:**

**Reglement for godtgjering til folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.**

# Reglement for godtgjering til folkevalde

---

Reglementet gjeld folkevalde som har eit kommunalt tillitsverv. Med kommunalt tillitsverv meiner ein:

- verv som ein vert vald til av folket (kommunestyremedlemmer)
- verv som ein vert vald til eller oppnemnd til av kommunale organ

For partsamansette utval gjeld regulativet for dei tilsette sine representantar i

- administrasjonsutval
- arbeidsmiljøutval

## Fast årleg godtgjering

Reglementet er basert på at folkevalde vert godtgjort for kvart enkelt verv vedkomande er valt til. Ei fast årleg godtgjering kjem i staden for møtegodtgjering, men formannskapsmedlemmene får likevel møtegodtgjering for kommunestyremøte. Den faste godtgjeringa vert utbetalt som 12 like månads-godtgjering over kommunekassen og gjev ikkje rett til feriepengar. All godtgjering til folkevalde er skattepliktig.

## Ordførar

Godtgjering til ordførar i Masfjorden kommune vert sett til 90 % av den faste løna til stortingsrepresentantane. Godtgjeringa vert justert årleg pr 1.mai på grunnlag av justeringa som Stortinget sin lønskommisjon gjer.

Godtgjering omfattar:

- alle verv som ordførar har samt skyssgodtgjering til og frå heim og kontor på Masfjordnes
- rett til sjukepengar
- innmelding i pensjonsordning for folkevalde i KLP, jf kommunelova § 43

## Ettergodtgjering

Ordførar får ettergodtgjering når valperioden er slutt slik:

- Dersom ordførar går tilbake til sitt tidlegare arbeid / tek til i ny stilling får han/ho ettergodtgjering i 1 ½ mnd.
- Dersom ordførar ikkje har arbeid å gå til får han / ho ettergodtgjering i 3 mnd.

## Varaordførar

Godtgjering til varaordførar vert 6 % av ordførar si godtgjering. Ved ferieavvikling, sjukdom m.v. der varaordførar fungerer som ordførar i ein periode ut over ei veke, får varaordførar utbetalt ordførargodtgjering.

Den faste godtgjeringa omfattar:

- møtegodtgjersle for formannskap, kraftfondstyre, valstyret og administrasjonsutvalet

## Formannskap

Godtgjering til medlemmene i formannskapet vert 4 % av ordførar si godtgjering.

Den faste godtgjerings omfattar:

- møtegodtgjersle for formannskap, kraftfondstyre, valstyre og administrasjonsutval

## Møtegodtgjerings

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjerings der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjerings for gruppemøte, fraksjonsmøte eller ander møte i partia. Det vert heller ikkje gjeve møtegodtgjerings for møte i underutval, komitear, arbeidsutval o.l. som held møte på mindre enn 1 time, direkte knytt til det utvalet som har oppnemnt underutvalet, komiteen eller arbeidsutvalet.

Varamedlemmer som vert innkalla til å møte på deler at eit møte, får 50 % møtegodtgjerings.

## Møtegodtgjerings etter høg sats

Møtegodtgjerings er kr 700,- pr møte for desse utvala:

- kommunestyret
- formannskapet, kraftfondsstyret, valstyret (gjeld varamedlemmer)
- kontrollutvalet

## Møtegodtgjerings etter låg sats

Møtegodtgjerings er kr 500,- pr møte for desse utvala:

- administrasjonsutvalet (gjeld tilsette sine representantar)
- arbeidsmiljøutvalet (gjeld tilsette sine representantar og verneombod)
- Teknisk Utval
- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

I tillegg vil utval som røystestyra, valnemnda og medlemmer oppnemnd av kommunestyret i samarbeidsutval for skular og barnehagar ha rett på møtegodtgjerings etter låg sats.

## Møtegodtgjerings for leiarar i utval oppnemnd av kommunestyre

Godtgjerings til leiarar (eller vara for leiar) i utval oppnemnd av kommunestyret er dobbel møtegodtgjerings (jf punkta om møtegjerings etter høg og låg sats) for følgjande utval:

- leiar i Kontrollutvalet
- leiar i Teknisk Utval
- leiar i Eldrerådet
- leiar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- leiar i Arbeidsmiljøutvalet (når det er ein av representantane for arbeidstakarorganisasjonane som er valt til leiar)
- leiar i Valnemnda
- leiar i Røystestyra

## Tapt arbeidsforteneste

Dersom den folkevalde si deltaking i kommunale møter fører til tap i arbeidsinntekt, vert det utbetalt erstatning frå kommunen. Det vert skild mellom legitimert og ulegitimert tapt arbeidsforteneste dersom den folkevalde ser fram kravet sjølv. Folkevalde kan og få dekkja tapt arbeidsinntekt gjennom at arbeidsgjevar krev refusjon direkte til kommunen.

Det skal ikkje setjast fram slikt krav dersom den folkevalde ikkje vert trekt i løn eller har reelt tap av arbeidsinntekt / vikarutgifter.

## Legitimerte tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert erstatta med inntil kr 2 500,- pr dag. Det er ein føresetnad at den tapte arbeidsfortenesta er tilfredstillande dokumentert som f.eks:

- trekkattest frå arbeidsgivar (gjeld lønsmottakar)
- likningsattest eller attest frå rekneskapsfører (gjeld sjølvstendig næringsdrivande).  
Inntektstapet vert utrekna etter netto årsinntekt (netto næringsinntekt) dividert på 240 dagar

## Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert erstatta med inntil kr 1 000,- pr dag. For møte som byrjar etter kl 14 vert det berre utbetalt halv ulegitimert tapt arbeidsforteneste. For møte som byrjar etter kl 16 vert det ikkje utbetalt ulegitimert tapt arbeidsforteneste.

## Reise

Folkevalde har krav på godtgjersle i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ.

## Barnepass

Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - B56	16/888

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Kommunestyret	PS	20.02.2017

### Finansiering av idrettsskulen 2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta

Kommunestyret vedtok i sak 97/16 at idrettsskulen skal drivast vidare i 2017. Rådmannen hadde i si saksutgreiing av økonomiske grunnar tilrådd at idrettsskulen skulle leggest ned frå 1.august.

Full drift av idrettsskulen heile året vil etter budsjettet kosta **kr 338 500**. I det vedtekne budsjettet ligg det **kr 183 500**. Det står då att å finansiera **kr 155 000**.

Kommunestyret vedtok i same sak at midlar til å dekkja kostnaden med idrettsskule heile året skal finnast innan kulturbudsjettet.

Rådmannen har sett på korleis ein kan greia å finna dekning for ei meirutgift på kr 155 000 innan vedteke budsjett for kultursektoren. **Ein** måte å gjera det på, går fram av oppsettet nedanfor.

Tiltak	Innsparing	Konsekvensar
Ta vekk idrettsskuletilbodet på Matre skule pga liten oppslutnad	20 000	Dei 11 elevane ved Matre skule vert utan tilbod
Redusert drift/styrka inntekt museum	15 000	Redusert opningstid. Søkja om andre tilskot
Auka foreldrebetalinga i idrettsskulen frå 460 til 600 kr pr. år	10 000	Ein auke på 30 %. Likevel eit svært rimeleg tilbod
Foreldrebetaling for heile året	10 000	Er berre rekna for 1. halvår.
Redusera kulturmidlane til frivillige lag	100 000	Mindre midlar til fordeling på frivillige lag

#### Vurdering

Rådmannen meiner at kommunestyrevedtaket om idrettsskulen som kommunestyret gjorde i desember, vil føra til eit dårlegare kulturtilbod til innbyggjarane våre og minka aktivitet på kulturfronten.

Kulturbudsjettet er i alt på kr 6 025 500. Kr 5 116 000 går til drifta av kulturskule, bibliotek, symjebasseng og museum. Ein stor del av dette, nærare bestemt 87 % av utgiftene i kulturskulen og 67 % innan bibliotek er lønskostnader. Ein nedgang i løyvingane til desse to tenestene, vil føra med seg reduksjon i stillingar. Drifta av Bjørn West-museet kostar oss i overkant av 400 000 årleg. Dette går fram av avtalen med Museum Vest. Drifta av bassenget er alt redusert i det vedtekne budsjettet ved at bassenget held stengt ein måned lenger enn før.

Då er det få område att der ein kan henta midlar til å driva idrettsskulen. Det mest nærliggande er å ta av det som er avsett til tilskot til det frivillige kulturlivet, med dei konsekvensar det vil få for aktiviteten.

### **Konklusjon**

I saka har ein lagt fram skissering av finansieringsløyising idrettsskulen 2017, som vert lagt fram for Kommunestyret til vurdering, men utan tilråding til vedtak.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/169

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2017	Kommunestyret	PS	20.02.2017

### Delegerte saker

32T

001/2016. Søknad om fornya konsesjon

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

Bygdekinoen  
Dronningens gate 16  
0152 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/891 - 16/6651

Saksbehandlar:

Alf Magnar Strand

Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no

Dato:

08.12.2016

## Søknad om fornya konsesjon

Vi syner til søknad motteke den 06.12.2016

### Administrativt vedtak. Saknr: 001/2016

**Bygdekinoen får fornya konsesjon for kinoframsyingar i Solheim grendahus og Fjon grendahus fram til 31.12.2017. Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i lova eller i forskrift til lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn/ Fakta

Solheim grendahus og Fjon grendahus har konsesjon for kinoframsyingar fram til 31.12.2016. Det er Lov om film og videogram frå 1987 som regulerer kinoframvisning. §2.2 4. ledd seier at: «Framsying og omsetning av film eller videogram i næring må ikkje skje utan løyve frå kommunestyret eller den kommunestyret har gitt fullmakt. Dette gjeld ikkje omsetning av film eller videogram for vidareomsetning. Løyvet kan givast for ein periode på opptil fem år. Løyvet kan nektast eller trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet. Kommunen og Medietilsynet har rett til å gjennomføre naudsynt kontroll med at den løyvepliktige verksemda blir driven i samsvar med dei reglane som gjeld. Kommunane kan fastsetje vilkår for løyve til framsyinga av film og videogram. Det kan ikkje setjast vilkår som inneber totalforbod mot framsying av film eller videogram i ein kommune.»

#### Vurdering

Bygdekinoen gjev eit greitt filmtilbod til innbyggjarane. Oppslutnaden om kinoframsyingane varierer, men særleg for born og unge er det viktig at der er eit kinotilbod i nærmiljøet. Det er ingen grunn til at ikkje dei to spelestadene skulle få fornya konsesjon for 2017.

Kommunestyret vedtok i sak 86/09 å delegera retten til å gje konsesjon til rådmannen frå og med 2010.



## Konklusjon

Bygdekinoen får fornya konsesjon for kinoframsyingar i Solheim grendahus og Fjon grendahus fram til 31.12.2017. Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i lova eller i forskrift til lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
Rådmann

Alf Magnar Strand  
oppvekstleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Kopi til:

Per-Einar Langhelle  
Åse Marit Kalhovd

Sandneslia 14 A 5981  
Solheimsneset 10 5983

MASFJORDNES  
HAUGSVÆR

**Mottakarar:**  
Bygdekinoen

Dronningens gate 0152  
16

OSLO

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/169

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Kommunestyret	PS	20.02.2017

### Referatsak

#### 32T

1. Skatt t.o.m. november måned
2. Skatt 2016
3. Inneklimakartlegging i Indre Masfjorden barnehage
4. Informasjon om samanslåing av Nordhordland tingrett og Bergen tingrett til ein domstol
5. Regionreform - vedtak på fylkestinget i Hordaland
6. Årsregnskap 2016 for Masfjorden kommuen

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
16.12.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/4417 331.3  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Skatt på formue og inntekt per 30. november 2016

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 30.november d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 7,1 prosent dei første 11 månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 8,1 prosent.

Innbetalt skatt per 30.november d.å. i prosent av budsjett 2016 var 99,2 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 100,7 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 10,2 prosent for kommunane samla i landet. Det er m.a.o. ein høg skattevekst for kommunane ved utgangen av november i år. Dette har samband med at det korrigererte fordelingsoppgjeret mellom skattekreditorane (staten, folketrygd, fylkeskommune og kommune) for 2015 har bidrege positivt for kommunesektoren.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Håvard Rød  
seniorrådgivar

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**SKATT PÅ EIGE OG INNTEKT FOR KOMMUNANE I HORDALAND**  
**Totalbeløp i kr. 1.000,- .**

KOMMUNE	INNGANG	INNGANG	AUKE	INNGANG	BUDSJETT	AUKE I %	INNBET. PR.
	30.nov 2015	30.nov 2016	I %	30.nov PR. INNB.	2016	BUDSJETT 2016 REKNESKAP 2015	30.nov I % AV BUDSJETT 2016
Bergen	7 995 500	8 643 100	8,1%	31159	8582900	7,7	100,7
Etne	90 200	100 000	10,9%	24355	97900	8,1	102,1
Sveio	120 500	130 300	8,1%	23297	133500	10,1	97,6
Bømlo	289 100	336 200	16,3%	28545	315520	8,2	106,6
Stord	481 400	485 700	0,9%	25870	512854	5,9	94,7
Fitjar	78 700	84 200	7,0%	26815	85030	7,8	99,0
Tysnes	70 700	76 100	7,6%	27208	73500	3,5	103,5
Kvinnherad	319 900	334 200	4,5%	25183	342928	6,0	97,5
Jondal	25 900	25 400	-1,9%	23007	24740	-6,6	102,7
Odda	201 800	208 800	3,5%	30130	200400	-1,3	104,2
Ullensvang	78 500	80 900	3,1%	23787	79900	1,3	101,3
Eidfjord	49 700	50 800	2,2%	54919	50860	2,1	99,9
Ulvik	32 500	33 900	4,3%	30376	34840	5,9	97,3
Granvin	20 200	20 800	3,0%	22609	21000	4,0	99,0
Voss	336 200	360 400	7,2%	24984	364285	7,5	98,9
Kvam	196 800	211 100	7,3%	24909	211400	6,6	99,9
Fusa	94 800	102 300	7,9%	26393	98479	3,1	103,9
Samnanger	61 900	65 100	5,2%	26648	60610	-2,4	107,4
Os	465 200	521 400	12,1%	26411	521900	10,2	99,9
Austevoll	181 600	197 400	8,7%	38570	185000	-0,5	106,7
Sund	155 000	166 700	7,5%	23900	170853	9,0	97,6
Fjell	631 900	681 200	7,8%	27390	698793	9,6	97,5

Askøy	635 200	680 200	7,1%	23968	693483	8,1	98,1
Vaksdal	95 100	100 500	5,7%	24364	95000	-0,1	105,8
Modalen	22 600	24 600	8,8%	64567	24340	7,2	101,1
Osterøy	164 300	177 600	8,1%	22320	180000	7,9	98,7
Meland	172 800	185 000	7,1%	23682	206364	18,8	89,6
Øygarden	106 300	116 500	9,6%	24011	118636	11,1	98,2
Radøy	110 700	115 300	4,2%	22710	122257	9,7	94,3
Lindås	372 500	395 300	6,1%	25328	393122	4,9	100,6
Austrheim	82 000	88 300	7,7%	30896	88068	6,2	100,3
Fedje	12 900	13 600	5,4%	23611	14937	15,8	91,0
Masfjorden	51 800	53 900	4,1%	31687	52500	1,0	102,7
SUM:	13804200	14866800	7,7%	28784	14 855 899	7,4	100,1
SUM UTANOM BERGEN	5808700	6223700	7,1%	26029	6 272 999	7,0	99,2

## Kontroll skatt

Bergen	7 970 400
Etne	90 600
Sveio	121 300
Bømlo	291 700

Stord	484 200
Fitjar	78 900
Tysnes	71 000
Kvinnherad	323 500
Jondal	26 500
Odda	203 100
Ullensvang	78 900
Eidfjord	49 800
Ulvik	32 900
Granvin	20 200
Voss	338 900
Kvam	198 300
Fusa	95 500
Samnanger	62 100
Os	473 700
Austevoll	185 900
Sund	156 700
Fjell	637 500
Askøy	641 300
Vaksdal	95 100
Modalen	22 700
Osterøy	166 800
Meland	173 700
Øygarden	106 800
Radøy	111 400
Lindås	374 700
Austrheim	82 900
Fedje	12 900
Masfjorden	52 000
SUM:	13 831 900
SUM UTANOM	
BERGEN	5 861 500



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
17.01.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/4417 331.3  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Skatt på formue og inntekt per 31.desember 2016

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31.desember 2016.

Skatteinngangen syner ein auke på 6,8 prosent i 2016 samanlikna med 2015 for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken frå 2015 til 2016 9,3 prosent.

Innbetalt skatt per 31.desember 2016 i prosent av budsjett 2016 var 100,3 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 101,5 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

Det var ein skatteauke på 9,8 prosent for kommunane samla i landet frå 2015 til 2016. Den høge skatteveksten har samanheng med at det korrigerte fordelingsoppgjeret mellom skattekreditorane (staten, folketrygd, fylkeskommune og kommune) for 2015 bidrog positivt til kommunesektoren sin skattevekst i 2016.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Håvard Rød  
seniorrådgivar

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



SKATT PÅ EIGE OG INNTEKT FOR KOMMUNANE I HORDALAND  
Totalbeløp i kr. 1.000,- .

KOMMUNE	INNGANG	INNGANG	AUKE	INNGANG	BUDSJETT	AUKE I %	INNBET. PR.
	31.des 2015	31.des 2016	I %	31.des PR. INNB.	2016	BUDSJETT 2016 REKNESKAP 2015	31.des I % AV BUDSJETT 2016
Bergen	7 970 400	8 707 700	9,3%	31391	8582900	7,7	101,5
Etne	90 600	100 500	10,9%	24476	97900	8,1	102,7
Sveio	121 300	130 900	7,9%	23404	133500	10,1	98,1
Bømlo	291 700	340 200	16,6%	28884	315520	8,2	107,8
Stord	484 200	488 700	0,9%	26029	512854	5,9	95,3
Fitjar	78 900	84 400	7,0%	26879	85030	7,8	99,3
Tysnes	71 000	76 300	7,5%	27279	73500	3,5	103,8
Kvinnherad	323 500	335 500	3,7%	25281	342928	6,0	97,8
Jondal	26 500	25 500	-3,8%	23098	24740	-6,6	103,1
Odda	203 100	209 100	3,0%	30173	200400	-1,3	104,3
Ullensvang	78 900	81 200	2,9%	23875	79900	1,3	101,6
Eidfjord	49 800	52 800	6,0%	57081	50860	2,1	103,8
Ulvik	32 900	34 200	4,0%	30645	34840	5,9	98,2
Granvin	20 200	21 000	4,0%	22826	21000	4,0	100,0
Voss	338 900	363 100	7,1%	25172	364285	7,5	99,7
Kvam	198 300	212 700	7,3%	25097	211400	6,6	100,6
Fusa	95 500	102 700	7,5%	26496	98479	3,1	104,3
Samnanger	62 100	65 500	5,5%	26811	60610	-2,4	108,1
Os	473 700	523 900	10,6%	26537	521900	10,2	100,4
Austevoll	185 900	200 500	7,9%	39175	185000	-0,5	108,4
Sund	156 700	168 100	7,3%	24100	170853	9,0	98,4
Fjell	637 500	684 000	7,3%	27503	668793	4,9	102,3
Askøy	641 300	684 400	6,7%	24116	693483	8,1	98,7
Vaksdal	95 100	100 800	6,0%	24436	95000	-0,1	106,1
Modalen	22 700	24 800	9,3%	65092	24340	7,2	101,9
Osterøy	166 800	179 000	7,3%	22496	180000	7,9	99,4
Meland	173 700	185 600	6,9%	23758	206364	18,8	89,9
Øygarden	106 800	116 900	9,5%	24093	118636	11,1	98,5
Radøy	111 400	115 900	4,0%	22828	122257	9,7	94,8
Lindås	374 700	396 800	5,9%	25424	393122	4,9	100,9
Austrheim	82 900	88 600	6,9%	31001	88068	6,2	100,6
Fedje	12 900	13 700	6,2%	23785	14937	15,8	91,7
Masfjorden	52 000	54 100	4,0%	31805	52500	1,0	103,0
<b>SUM:</b>	<b>13831900</b>	<b>14969100</b>	<b>8,2%</b>	<b>28982</b>	<b>14 825 899</b>	<b>7,2</b>	<b>101,0</b>
<b>SUM UTANOM</b>							
<b>BERGEN</b>	<b>5861500</b>	<b>6261400</b>	<b>6,8%</b>	<b>26187</b>	<b>6 242 999</b>	<b>6,5</b>	<b>100,3</b>

## Kontroll skatt

Bergen	7 970 400
Etne	90 600
Sveio	121 300
Bømlo	291 700
Stord	484 200
Fitjar	78 900
Tysnes	71 000
Kvinnherad	323 500
Jondal	26 500
Odda	203 100
Ullensvang	78 900
Eidfjord	49 800
Ulvik	32 900
Granvin	20 200
Voss	338 900
Kvam	198 300
Fusa	95 500
Samnanger	62 100
Os	473 700
Austevoll	185 900
Sund	156 700
Fjell	637 500
Askøy	641 300
Vaksdal	95 100
Modalen	22 700
Osterøy	166 800
Meland	173 700
Øygarden	106 800
Radøy	111 400
Lindås	374 700
Austrheim	82 900
Fedje	12 900
Masfjorden	52 000
<b>SUM:</b>	<b>13 831 900</b>
<b>SUM UTANOM</b>	
<b>BERGEN</b>	<b>5 861 500</b>

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4622 - 17/2458

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
25.01.2017

## INNEKLIMAKARTLEGGING I INDRE MASFJORDEN BARNEHAGE

Styran i Indre Masfjorden barnehage, Maja Aven Dahle, kontakta Miljøretta helsevern for å få utført ei inneklimakartlegging. Tilsette har informert styrarar om at dei opplev at det er dårleg luftkvalitet i barnehagen.

Inneklimakartlegging vil vise om forskriftas krav til inneklima vert overhaldne.  
«Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 19»

Indre Masfjorden barnehage har 2 avdelingar (Revehiet og Bamsebu), samt fellesrom. Det var og ynskje om å kartlegge forholda på personalrommet.

Inneklimakartlegging vart utført i perioden 17 – 20.1.17. Barnehagen var ansvarleg for å føre registreringsskjema.

### ➤ **Samandrag og konklusjon**

- Måleresultata viser at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** på avd. Revehiet, Bamsebu og fellesrom er stort sett tilfredsstillande, men med nokon unntak. Det er å merke seg at det var lågare personbelastning enn normalt, noko som kan resultere i lågare CO<sub>2</sub>-konsentrasjon. På personalrom er CO<sub>2</sub> for høg når det oppheld seg personar der. Luftutskiftinga ikkje tilfredsstillande.
- **Temperatur** er stort sett under norm, men over anbefalt temperatur. Temperaturen kan med fordel senkast til 20 – 22 °C, som er det anbefalte i fyringssesongen.
- **Relativ luftfuktleik** (RL) er tilfredsstillande.

### **Konklusjon**

Inneklima vurderast som stort sett tilfredsstillande på avdelingane (utifrå normer), men med nokon unntak når det gjeld CO<sub>2</sub> og temperatur. Dette er ved noko redusert personbelastning. Temperatur bør senkast, slik at den ligger under 22 °C, som er det anbefalte. Personalrom har ikkje tilfredsstillande luftutskifting.

**Oppgradering av ventilasjonsanlegget bør vurderast, slik at luftutskifting er tilfredsstillande på alle avdelingar/rom, uavhengig av lufting og personbelastning.**

## Målingar

Det vart utført fylgjande målingar:

### **CO<sub>2</sub>, temperatur og relativ luftfuktleik (RL).**

Utstyret som vart nytta var Wisensys inneklimalogger.

Sist kalibrert: 28.6.16.

**Loggar vart plassert i fylgjande rom: Revehiet, Bamsebu, fellesrom og personalrom.**

## Måleparameter

### **CO<sub>2</sub>:**

CO<sub>2</sub> blir danna ved forbrenning og produserast ved stoffskiftet i organismen og finnast derfor i mennesket si utandingsluft. Dette vil seie det same som at produksjonen av CO<sub>2</sub> vil auke i takt med auka aktivitet. CO<sub>2</sub> gjev i seg sjølv ikkje helseskadar i dei konsentrasjonar som vanlegvis finns i skular og barnehagar. I rom der det er høg personbelastning, vil eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå indikere at luftskiftinga (ventilasjonen) er for dårleg i høve til talet på personar i rommet. Dette betyr at andre forureiningar kan hope seg opp i innelufta. Med eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå vil ein ofte ha ei kjensle av tung og ufrisk luft samt vond lukt, og kan derfor brukast som indikator på dårleg luftkvalitet.

**Norm:** Ikkje over 1000 ppm.

### **Temperatur:**

Både låg og høg lufttemperatur kan gje helse- og trivselsproblem. Begge deler sett ned arbeidsprestasjonane. Jo lågare temperatur, jo større blir kroppen sitt varmetap, og dermed kan ein bli meir mottakeleg for bl.a. infeksjonssjukdommar. For høg temperatur kan gje tørrleik i slimhinner i luftvegar og auge og uttørring av huda ("tørr luft" – kjensle) samt hovudpine, nedsett arbeidsevne og trøytteik. I tillegg kan høg temperatur auke veksten av helseskadelege mikroorganismar som sopp og midd. Normaltemperatur bør vanlegvis ikkje overstige 22 grader. I kortvarige periodar må man godta større varme- eller kuldebelastning på grunn av tekniske problem eller ekstrem vêrsituasjon. Overskriding bør ikkje utgjere meir enn 14 dagar.

**Oppdatert norm (FHI-rapport 2013:7):** Vinter: 20 - 24°C, sommar 23 - 26°C.

Anbefalt er at temp. blir halde under 22°C, særleg i fyringssesongen. ("**Tjue er bra for hue**").

### **Relativ luftfuktleik (RL):**

Relativ luftfuktleik (RL) er eit mål på kor mykje vassdamp lufta inneheld og angjevast i prosent. RL er normalt lågare om vinteren enn om sommaren. Luftfuktleiken har vanlegvis liten innverknad for temperaturopplevinga. Luftfuktleiken kan ha ei innverknad for å binde støv og redusere statisk oppladning. Det vert ikkje sett krav til luftfuktleiken. Normale årsvariasjonar i innelufta vil vera frå under 20 % til over 60 % relativ luftfuktleik (RL). På vinteren bør luftfuktleiken ikkje overstige 35 – 40 % RL på grunn av kondensrisiko og fuktskadar. RL høgare enn 40 % vil kunne fremma vekst av støvmidd og andre mikroorganismar. Innelufta skal derfor vere tørr.

Opplever ein lufta som "tørr", har det sjeldan samband med låg relativ luftfuktleik. Ubehag ved at lufta kjennast tørr heng ofte saman med høg innetemperatur og/eller støv i innelufta.

Det er ikkje fastsett noko generell norm for fukt i innelufta, men som ein grunnregel skal RL vera så låg at ein ikkje får vekst av mugg og sopp i bygningskonstruksjonar og ventilasjonsanlegg.

## Måleresultat (sjå tabell og målegrafar)

Måleverdiane er vurdert ut frå opningstida; ca. kl. 7.00 – 16.30 og opphaldstida inne til barna.

- Storleik på leike- og opphaldsareal:
  - o Revehiet ca. 38 m<sup>2</sup>, Bamsebu ca. 38 m<sup>2</sup>, fellesrom og personalrom er ikkje oppgitt m<sup>2</sup>.
- Ventilasjon: Balansert ventilasjon.
- Vêrtilhøve: Regn, regnbyer ca. 2 - 9 °C

### Revehiet:

Det var i måleperioden maksimum 13 - 14 personar tilstade. Det normale er 16 - 18 personar.

### Bamsebu:

Det var i måleperioden maksimum 10 personar tilstade. 10 – 11 er normalt.

### Fellesrom:

Det var i måleperioden maksimum 8 personar tilstade. Det normale er 5 – 13 personar. Fellesrom nyttas mykje til gjennomgang og det er ofte opent til avdelingane.

### Personalrom:

Det var i måleperioden maksimum 3 - 5 personar tilstade. Ingen opplysning om kva som er normalt.

Ut frå dette kan det sjå ut som det er noko mindre personbelastning enn det som er normalt.

#### • Revehiet

Ut frå måleresultata ser ein at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** ligg stort sett under norm, men det vart registrert nokon overskridingar like over norm. Dei maksimale verdiar som vart målt var **1130** ppm. Snittmåling var under norm: **682 – 828** ppm. Det vart lufta jamleg.

Ut frå dette ser ein at luftutskiftinga er stort sett tilfredsstillande med unntak av små overskridingar.

**Temperaturen** i rommet har ei middelværdi på **22,5 – 23,9**°C og maks på **23,4 – 24,5**°C.

Temperaturen er for høg og bør senkast.

Det er anbefalt at temperaturen ligger under 22°C i fyringssesongen.

Verdiane for **relativ luftfuktleik (RL)** ligg i snitt på 38 %. Dette er tilfredsstillande.

#### • Bamsebu

Ut frå måleresultata ser ein at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** ligg stort sett under norm, med unntak av overskridingar ein dag. Dei maksimale verdiar som vart målt var **1288** ppm når det var ca. 8 personar tilstade (det normale er 10 – 11 personar). Overskriding av norm varte i ca. 2,5 t, og det vart lufta jamleg. Målingar ligg i grenseområdet for kva som kan akseptast. Snittmåling ligg under norm: **668 - 818** ppm.

Ut frå dette ser ein at luftutskiftinga er stort sett tilfredsstillande, med unntak av ei overskriding.

Overskriding er observert når det er redusert personbelastning.

**Temperaturen** i rommet har ei middelværdi på **21,6 – 22,8** °C og maks på **22,1 – 23,4** °C.

Det er anbefalt at temperaturen ligger under 22°C i fyringssesongen.

Verdiane for **relativ luftfuktleik (RL)** ligg i snitt på 38. Dette er tilfredsstillande.

- **Fellesrom**

Ut frå måleresultata ser ein at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** ligg stort sett under norm, men det vart registrert målingar like over norm. Dei maksimale verdiar som vart målt var **1053 ppm**. Snittmåling var under norm: **713 ppm**.

Ut frå dette ser ein at luftutskiftinga er tilfredsstillande.

**Temperaturen** i rommet har ei middelvverdi på **22,9 °C** og maks på **24,2 °C**.  
Temperaturen er for høg og bør senkast.  
Det er anbefalt at temperaturen ligger under 22°C i fyringssesongen.

Verdiane for **relativ luftfuktleik (RL)** ligg i snitt på 38 %. Dette er tilfredsstillande.

- **Personalrom**

Ut frå måleresultata ser ein at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** ligg over norm når det oppheld seg personar i rommet. Dei maksimale verdiar som vart målt var **1694 ppm**. Snittmåling vert ikkje aktuell å vurdere, då det berre er personar tilstade ved møter og pause.

Ut frå dette ser ein at luftutskiftinga **ikkje** er tilfredsstillande på personalrom.

**Temperaturen** i rommet har ei middelvverdi på **21,9 °C** og maks på **23,4 °C**.  
Det er anbefalt at temperaturen ligger under 22°C i fyringssesongen.

Verdiane for **relativ luftfuktleik (RL)** ligg i snitt på 37 %. Dette er tilfredsstillande.

- **Vurdering**

Måleresultata viser at **CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** på avd. Revehiet, Bamsebu og fellesrom er stort sett tilfredsstillande, men med nokon unntak. Det er å merke seg at det var lågare personbelastning enn normalt, noko som kan resultere i lågare CO<sub>2</sub>-konsentrasjon. Det vart lufta jamleg.

Oppgradering av ventilasjonsanlegget vil betre luftutskiftinga, slik at behovet for å lufte vert mindre, og CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen vil vere tilfredsstillande ved normal personbelastning.

På personalrom er luftutskiftinga ikkje tilfredsstillande, sjølv om det luftast. Her er CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen for høg når det er personar i rommet (pause/møter).

**Temperaturen** i barnehagen ligg stort sett under norm, men kan med fordel senkast til 20 – 22 °C, som er det anbefalte i fyringssesongen. Barnehagen bør ha termometer på avdelingane slik at ein kan kontrollere temperaturen, og justere denne etter behov.

**Relativ luftfuktleik (RL)** er tilfredsstillande etter årstida og vêrtilhøve.

- **Konklusjon**

Inneklima vurderast som stort sett tilfredsstillande på avdelingane (utifrå normer), men med nokon unntak når det gjeld CO<sub>2</sub> og temperatur. Det var noko redusert personbelastning.

Temperaturen bør senkast, slik at den ligger under 22 °C, som er det anbefalte i fyringssesongen.

Personalrom har ikkje tilfredsstillande luftutskifting.

**Det bør vurderast å oppgradere ventilasjonsanlegget, slik at luftutskifting er tilfredsstillande på alle avdelingar/rom, uavhengig av lufting og personbelastning.**

Med helsing

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Inneklimakartlegging:

Måleresultat i opphaldstida ca. 7:00 – 16:30.

ROM	Dato	CO2			Tid over norm	Temp +/- 1 °C			RF	Kommentar
		Snitt	Maks	Min	Ca.	Snitt	Maks	Min	Snitt	
Revehiet	17.1.17	828	1130	605	2,5 t	22,5	23,4	21,5	35	Maks 13 tilstade. 18 er normalt. Jamleg lufting.
	18.1.17	693	958	432	0	22,8	23,7	21,5	35	Maks 12 tilstade. 18 er normalt. Jamleg lufting. Varmt inne.
	19.1.17	682	1004	481	5 min	23,3	24,1	22,6	41	Maks 14 tilstade. 16 er normalt. Jamleg lufting. Varmt inne.
Måling slutt kl. 12	20.1.17	792	1083	447	1,25 t	23,9	24,5	23,0	41	Maks 13 tilstade. 16 er normalt. Lufting.
Bamsebu	17.1.17	777	1055	499	15 min	21,6	22,1	20,6	35	Maks 10 tilstade. Lufting, samt dør open til fellesrom.
	18.1.17	818	1288	469	2,5 t	22,3	23,0	21,6	37	Maks 8 tilstade. Jamleg lufting.
	19.1.17	668	957	476	0	22,6	23,4	21,7	41	Maks 9 tilstade. Jamleg lufting.
Måling slutt kl. 12	20.1.17	717	914	437	0	22,8	23,2	22,2	42	Maks 4 tilstade. Jamleg lufting. Få opplysningar.
Fellesrom	17 -20	713	1053	437	45 min	22,9	24,2	20,8	38	Maks 8 tilstade. Maks 13 er normalt. Gjennomgang. Lufting.
Personalrom	17 - 20	722	1694	365	0, 5 – 2,5 t	21,9	23,4	19,5	37	Maks 4 - 5 tilstade. Lufting.

### Grenseverdiar: (Måleverdiar utover norm er merket med fet skrift)

- CO<sub>2</sub> har en normverdi på 1000 ppm
- **Temperatur:** Oppdatert norm (FHI-rapport 2013:7): Vinter: 20 - 24°C, sommar 23 - 26°C. Overskridingar kan godtas om sommaren, men helst ikkje over meir enn 2 veker. Anbefalt er at temp. blir halde **under 22°C**, særleg i fyringssesongen. ("Tjue er bra for hue"). **Over 22°C er markert i tabell.**
- RL (relativ luftfuktleik), denne bør ikkje overstige 35 – 40% vintertid




# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY


## Inneklimateklinging i Indre Masfjorden barnehage 17.1 – 20.1.17

Blå: Revehiet, Sort: Bamsebu, Orange: Fellesrom, Grøn: Personalrom

### CO<sub>2</sub>- konsentrasjon



### Temperatur




**Post**  
postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**  
www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

## Fukt

Humidity



### Kopi til:

Alf Magnar Strand  
